



Ljosglytt

Helsing frå Framnes

**God jul
og godt nyttår!**



Det er mange kreative elevar på Framnes. Her frå årets talentiade 30. november.

Foto: Lars A. Oma

Moses slo på fjellet

Søren Kirkegaard sa ein gong: Me skal lese bibelen framlengs, men forstå den baklengs.

Eg kjem tilbake til dette seinare. Det står ei merkeleg historie i 4. Mos. kap. 20. Men det startar i 2. Mos. 17. Jødane går i 40 år i øydemarka. Dei kjem til Refidin, men manglar vatn. Vers 6: «Så skal du få sjå meg stå framfor deg på berget ved Horeb. Når du slår på berget, skal det strøyma fram vatn, så folket får drikka.» Israelfolket fekk vatn ved at Moses slo på berget.

Dei er no kome vidare til Sin-øydemarka, og det mangla vatn igjen. I 4. Mos. 20. 7 – 12 står det:

«Og Herren sa til Moses: Ta staven! Så skal du og Aron, bror din, kalla folket saman og tala til berget mens dei ser på. Då skal det gje frå seg vatn. ... Moses tok staven, og han og Aron kalla folket saman og sa: Høyr no, de stridnakkar! Trur de at vi kan få vatn til å strøyma fram åt dykk frå dette berget? Så lyfte Moses handa og slo to gonger på berget. Då strøymde det fram så mykje vatn at både folk og buskapen fekk drikka. Men Herren sa til Moses og Aron: Fordi de ikkje trudde på meg ... skal de ikkje få føra folket inn i det landet eg har gjeve dei.»

Kvifor vart Gud sint på Moses? Eg trur det er to ting: 1) Gud sa at Moses skulle tale til berget. Men Moses hugsa ein gong tidlegare at han slo på berget, og det kom vatn. Han blir litt hovmodig og seier: «Høyr de opprørarar! Skal tru om vi kan la vatn strøyma fram til dykk frå dette berget?» Kanskje han tenkte slik: Dette har eg fiksa før, så det skal eg greie ein gong til! Og så slo han på berget. Altså at han tok æra sjølv, og ikkje gjorde

som Gud sa. 2) Men det andre er at mykje av det som står i GT er førebilde på noko. I 1. Kor. 10. 1 - 4 står det om at det som skjedde i øydemarka: «For dei drakk av det åndelege berget som fylgde dei; og berget var Kristus. Og i v. 11 står det: «Men alt dette hende som eit førebilde». Første gongen slo Moses på Berget, som er eit bilde på at Jesus vart slått, altså at han døyde på korset. Men Jesus kan ikkje dø to gonger. Difor skulle Moses tale til berget den andre gongen. I det ligg at etter at Jesus døyde på korset vart det opna ein «kanal» til Gud gjennom bøna. Difor skulle Moses tale til

berget den andre gongen. Slik ser me at det som skjedde i GT var eit førebilde på det som ein gong skulle skje seinare. Tilbake til Søren Kirkegaard: Me skal lese bibelen framlengs, men forstå den baklengs. Det var mange ting som var vanskeleg for Moses å forstå. Men me som no har fått NT ser dermed GT i eit nytt lys. Og dermed er det lettare å forstå det som skjedde i GT-tida. Og det viktigaste: Me ser dei store linjene, frå alle dei små detaljane i GT som peikar framover mot Jesus.



Foto: Lars A. oma



Ljosglytt er eit blad for alle Framnes-vener, gamle og nye!

Adresse:
Ljosglytt
Framnes kristne vidaregåande skule
5600 Norheimsund
Telefon: 56 55 05 00
E-post: postmottak@framnes.vgs.no
Giro: 3530.51.51503

Redaksjon:
Lars Arvid Oma
(webmaster@framnes.vgs.no)
Jostein Moldsvor
(jostein.moldsvor@framnes.vgs.no)
Per Helleve
(phelleve@online.no)
Siv Helen Hauge
(sivhelenhaug@gmail.com)
Øystein Mongstad
(oystein.mongstad@framnes.vgs.no)

Adresser:
Berit Hope Byrkjeland
Rekneskap:
Jostein Moldsvor

Ansvarleg utgjevar:
Elevlaget i samarbeid med redaktør.

Oppslag:
2.700
Kjem ut to gonger i året, ved juletider og på forsommaren.
Deadline: 15. november og 1. april.

Grafisk framstilling:
Lars Arvid Oma

Trykk:
Øystese Trykkeri

Har du bidrag til bladet, eller innspel, ta gjerne kontakt med:
Jostein Moldsvor 56 55 05 00 el. jostein.moldsvor@framnes.vgs.no. Eller send det med vanleg post til Framnes kr. vgs, 5600 Norheimsund, merka med "Ljosglytt." Melding om adresseendring kan sendast til Framnes pr. post eller e-post.

Nettsida til Framnes:
www.framnes.vgs.no

Nye ansikt på Framnes



Johannes Vaag, fødd 25.10.13 (same fødselsdag som far Tore)



Liam Kongestøl Mongstad, fødd 05.07.13

Eg heiter **Magdalena Tischer**, er 36 år og kjem frå Gdansk i Polen, men bur no på Omastrand.



Eg er gift og har tre barn, to på barneskulen i Strandebarm og ein på yrkesskulen i Norheimsund.

Før eg kom til Framnes jobba eg på ein bensinstasjon. Eg likar å gå på tur, sykle og koke, men mest av alt likar eg å lese bøker. Eg starta som kjøkkenassistent ved Framnes 1. juli 2013.



Ruth Solveig Gravdal, fødd 19.10.13

Mitt navn er **Hans Erik Løkhammer**. Jeg er 48 år, gift og har 3 barn.



Jeg ble født på Leirvik (Stord), hjemstedet til min far. Vi flyttet til Ljonestangen i Strandebarm i 1971, hvor min mor kommer ifra. Der bor jeg fremdeles, og trives med det!

Jeg ble en kristen i 1982 etter en familievekkelse, mine tre søsken, pappa og meg til slutt ble alle frelst i løpet av 5 år. Det snudde opp ned på det meste. Jeg er utrolig glad og takknemlig at vi alle fikk nåde til å ta imot Jesus i våre liv.

I 1988 begynte jeg å reise med Evangeliet på heltid. Med bibel og gitar reiste jeg som forkynner frem til 2005, hovedsakelig i De Frie Evangeliske forsamlinger. Jeg reiser en del også i dag, men nå bare på deltid.

Jeg driver i et lite enkelmannsforetak. Det går mest på maling, flisearbeid og noe tømring.

Jeg har vært innleid en hel del på Framnes de siste årene. Og nå i høst har jeg også vært fast ansatt i halv stilling en periode, mens en av vaktmestrene har vært ute i farspermisjon.

Trond Fredrik Ludvigsen (31) har takka ja til å vera idrettslærer på Framnes i ei deltidsstilling (26 prosent) fram til nyttår. Han skal undervisa i aktivitetslære og fotball, og overtar delar av stillinga etter Johnny Mikael Gallefoss – som er blitt trenar i den belgiske klubben BX Brussels.



Ludvigsen har bak seg ein aktiv fotballkarriere i fleire norske eliteklubbar, i Bodø Glimt, Rosenborg og Brann. Han har også vore proff i tyske Hertha Berlin.

Han kjem frå Alta, og har dei siste åra vore busett i Bergen og Austevoll.

Framnes KVGS er ikkje ukjend for Ludvigsen. Far hans, Helge, er rektor på Øytun folkehøgskole, og kjenner skuleslaget. Mora Grete har gått på Framnes folkehøgskule. Ved sidan av arbeidet på Framnes er han økonomistudent ved Handelshøgskolen i Bergen og fotballtrenar for AIK (Austevoll).

Framnes-elev for 76 år sidan



Biletet er teke på 50 årsjubileet på Framnes i 1947. Truleg var det i samband med elevstemna det året. Olav Tveit var ivrig filmfotograf. Skulen hadde 16 mm filmopptakar og den vart nytta flittig, ikkje minst av Tveit. Skulen har framleis desse filmene i arkivet. Vonheim har ikkje fått murpuss utanpå veggene. Det kom i 1950-åra. Så her ser ein litt av korleis den gamle «Misjonsgaarden» såg ut. Hydranten var det stadig ein buss eller ein lastebil som rygga på. Den vart flytta til andre sida av vegen der den framleis står.

Foto: Jakob T. Alvsåker.

Jakob T. Alvsåker frå andre sida av fjorden her, busett mellom Utne og Jondal, har vore ein trufast Framnes-ven.

Sidan han var elev i 1936/37 har han halde brevkontakt med medelevar over heile verda. Ein av medelevarane hans var tidlegare rektor på Framnes, Halldor Sandvin.

Og så har han vore ein trufast deltakar på mange elevstemne.

Dette er litt frå ei brevhelsing eg fekk frå Jakob T. Alvsåker i sommar. Eg har bearbeidd det noko med tanke på plass i Jule-glytten.

«Då eg fekk siste «Ljosglytt» vakna lysti i meg. Tenk om eg kunne fenge det til, skrive ei helsing i samband med elevstemna. Dette kunne då kome i bladet med store bokstavar: «76-års jublant helsar Framnes».

Minni er mange frå Framnes, elev 1936/37. Men det er eit minne, frå ei tid etterpå, som hev halde seg klårt inntil i dag. Dette er eit minne om han som hadde sitt siste år som styrar på Framnes, 1936/37: Halvor Fotland. Fotland var med oss på eit møte i Betania på Vines straks før 1950, han døydd i 1950. Han ville so gjerne me skulle læra songen «Gjør din gjerning Gud til ære», tekst og tone. Eg kjende den frå Framnes-tidi. Fotland skulle denne kvelden / natti bu hjå naboen vår. Det høvde so at Fotland og eg vart i lag

på heimvegen. Me samtala om ymse, også minne frå vinteren på Neset. Med eitt sa han noko som undra meg. Han såg tilbake på åra



Jakob T. Alvsåker.

Foto: Johs. H. Sekse/Hardanger Folkeblad

sine på Framnes og det var ein ting som han kjende so vondt og sårt. Han syns han hadde fenge leida og ført so få fram til Jesus. Kva skulle eg seia, heller ung som kristen. Han i eit langt og aktivt liv i arbeid for og med ungdom. Eg trur det måtte vera ei høgare makt som la ordi i min tanke. Eg sa om lag dette: Eg trur ikkje du hev grunn til å tenkja slik. Eg har skrivne og fått nokså mange brev frå dei eg hadde på Framnes som mine vener. Mange skriv: Eg vart ingen vedkjennande kristen på Framnes, men det vart lagt noko, eit frø, i hjarta. Det spira og vaks fram: I dag er eg ein kristen. – Dette kan eg vitna for deg, det var slik for meg og.

Han sa: Er det sant det du seier? Det var godt å høyra, takk skal du ha.

Eg var alt då byrja å skriva til mine vener frå 1936/37, og det hev halde fram til i dag, i 76 år. Mange hundrad brev fram og tilbake.» Jakob T. Alvsåker har samla bilete frå Framnes-tida og fram til årtusenskiftet. Her er det truleg verdfullt Framnes-stoff han vil skal takast vare på for ettertida.

Me gler oss over slike trugne Framnes-vener. Takk for at me fekk nytta utdrag av dette brevet i Ljosglytt som helsing frå ein «76-årsjubilant».

ø-land



Aktivitetar i kø: Kvardagen på Framnes inneheld både turopplevingar og faglegg påfyll. Frå øvst til venstre: 1. Turen til Gudvangen. 2. "71 grader nord". 3. Surfetur til Jæren. 4. Ny flytebrygge på Framnes. 5. Besøk frå Tyskland.

Mykje å gleda seg over

Laurdag 17. august kom 261 elevar trippande inn på tunet, forventningsfulle til eit nytt skuleår.

Men ein gjeng med Vg3-elevar kom allereie på torsdag for å førebu mange kreative ting til opningshelga for å få inntekter til misjonsprosjektet.

Etter at foreldra hadde overlatt sine håpefulle til seg sjølv og skulen var det mange bli-kjent-aktivitetar utover kvelden og søndagen.

Turar

Torsdag i første veka reiste alle elevane, miljøarbeidarane og lærarane ute på tur. Vg1 var på Kvamsskogen. Dei to klassane i studiespesialisering (STUSP) budde på Wallemstunet til fredag. Det var trangt om plassen med 96 elevar, men dei fleste tok det med godt humør! Idrettsklasse budde i telt. Og på torsdagen møttes dei tre klassane og hadde felles bli-kjent-aktivitetar. Vg2 og Vg3 STUSP hadde dagstur til Krokavatnet, og dei sprekast gikk opp på Skjørausa. Vg2 idrett kalla turen «71 grader nord» og hadde ein knallhard tur med kajak til Stekka, sykkel til Holsete, gikk over Vesolda til Stekka og kajak tilbake. Vg3 idrett hadde den tradisjonelle turen til Austevoll med mellom anna fangst og

slaktning av villsau. (Idrettsklassane var på tur frå torsdag til laurdag).

I tillegg har friluftslivsklassane i Vg2 og Vg3 hatt fleire helgaturar m.a. til Gudvangen og Jæren med bølge-surfing.

Tyske elevar på besøk

I slutten av september var 3 lærarar og 47 elevar frå Vg2 og Vg3 STUSP på studietur til Hellas. Framnes har i fleire år hatt eit utvekslingsprogram med ein kristen skule i Darmstadt i Tyskland. I september hadde Framnes besøk av 6 elevar og 2 vaksne frå Tyskland. Det var stor stemning både blant tyskarane og dei norske elevane. Det hjelp forhåpentlegvis godt på tysk-karakteren å kunne få prate tysk med dei tyske elevane, sjølv om det fleire gonger vart observert at nokon fjuska og prata engelsk.... Det var dessverre mykje regn i denne perioda, men det la likevel ikkje nemneverdig dempar på stemninga på turane til Eidfjord og Bergen. Den helga dei var her, søndag 15. sept. var det ras i Tokagelet som stengte vegen til Bergen, noko som førte til at Framnes og Kvam har følt oss isolert. Ein tur til Bergen kan fort ta 3 timar på dårlege vegar om Mundheim/Fusa. Det einaste positive me kan seie om raset er at alle bussane mellom Norheimsund og Bergen går forbi Framnes.

I vår vart det montert ny flytebrygge utanfor naustet. Og naustet og kaia er eit populært område på fine dagar med soling og bading. (Elevlaget sponsa flytebrygga med kr. 60.000). Vedlikehaldsavdelinga har jobba hardt for haustferien med å pusse opp gutte-dusjen ved bassenget. Til vanleg må eit bad pussast opp når flisene begynner å lausne. Men her måtte kvar flis meislast av. Men no har gutane fått ein flott dusj!

Laurdag 26. okt. var det foreldrelaurdag med mykje folk og stor stemning. Dagen starta med eit foredrag av «Tankesmia Skaparkraft» for alle elevane, der det vart fokusert på viktigheita av å ta gjennomtenkte val, og der det vart satt inn i eit kristent perspektiv. Etterpå var det misjonsløp for alle elevane samt nokre lærarar og foreldre. På misjonsløpet i år kom det inn over kr. 700.000. Fantastisk! Så var det felles orientering og samtale mellom elev med foresatte og kontaktlærar. Misjonsprosjektet hadde kafeteria i peisestova heile dagen. Eit flott miljøtiltak, med inntekt til misjonsprosjektet.

Men dei fleste dagane på Framnes er vanlege skuledagar, som går sin vante gang.....

Tekst: Jostein Moldsvor



Historieleksjonar: Ein tur til Hellas i Framnes-regi er langt frå berre sydenferie. Det vert formidla kunnskap på høgt nivå. Her er det ein lokal gaid som legg ut om historiske fakta.



I Paulus fotspor

Natt til tirsdag 17. september satte 47 elever fra VG2 og VG3 og tre lærere kursen for Hellas for å få større innblikk i gresk historie (klassisktid, romersktid, bysantinsktid, utvikling av demokratiet) og ikke minst gå litt i Paulus fotspor.

Første del av turen tilbrakte vi i byen Loutraki, rett utenfor Korint. Der fikk vi guidet tur i gamle Korint og Akro-Korint, med fokus på utviklingen av bystaten Korint og Paulus besøk i Korint.

Kloster

En av dagene tok vi buss opp i fjellet til et gresk ortodoks kloster og stiftet nærmere bekjentskap til den retningen av kristendommen. Klosteret ligger idyllisk til på en fjellhille med utsikt over Korint og Saroniabukta. Etter besøket til klosteret tok bussen oss tilbake til Korintbukten hvor vi fikk oppleve båttur

gjennom Korintkanalen. Loutraki har ei flott strand på 4km som elevene brukte mye i fritiden (og lærerne)

Dyktig guide

Etter tre dager i Korint forflyttet vi oss til Athen hvor vi bodde litt i ukanten av sentrum av byen. For å komme inn til Akropolis og Plakaområdet var det enkelt å ta metroen fra en stasjon ca 5 min fra hotellet. Samme gaid som var med oss i Korint, Helena, som snakket godt norsk hadde et flott opplegg for oss på Akropolis hvor gresk gudelære, gresk historie og bystaten Athen stod i fokus. Vi fikk og oppleve å gå i Paulus fotspor opp til Areopagoshøyden og se for oss talen han holdt til de Athenske menn.

Søndag formiddag hadde vi en av turens høydepunkter i følge elevene. Da deltok vi på gudstjeneste i den Anglikanske kirken i Athen. Vi opplevde en uforglemmelig gjestfrihet og elevene tok aktivt del i gudstjenesten gjennom

fellessangen og nattverden. Etter gudstjenesten var det mange av de besøkende som tok kontakt med oss og uttrykte begeistring for at så mange ungdommer møtte opp i kirken.

Flott gjeng!

Det vi hadde av fritid i Athen ble brukt til å nyte bylivet i Plakaområdet med aller butikker, restauranter og salgsboder.

Vi reiseledere er svært taknemlige for å få reise på tur med en slik flott gjeng av ungdommer. Opplevde å få positive tilbakemeldinger både fra gudie, bussjåfører og hotellpersonalet på at ungdommene oppførte seg veldig bra og var god reklame for Norge.

**Tekst og foto:
Lisbeth Fredheim Oma**



På vandring: Elevar og lærerar fekk bruka føtene, på vandring i Paulus sine fotspor. Her frå Korint (biletet til venstre).

I sjøkanten: Elevane utforskar historiske tufter i sjøkanten i Kenkreæ, der Paulus klyppte håret; Ap.gj 18 (biletet til høgre)



På historisk grunn: Elevane fekk nærkontakt med mange av dei historiske bygningane frå gamle Hellas. Her ser me ein av ruinane på Akropolis.



Kloster: På veg inn i eit greskortodoks kloster (biletet til venstre).

Trivnad: Sol, varme og historiske kunnskapar. Ikkjer rart at elevane tykte det var kjekt! Her frå Areopagos-klippen (biletet oppe til høgre).

Høgedepunkt: Ifølgje elevane var møtet med den anglikanske kyrkja i Athen eit av høgedepunkta på turen. Her frå gudstenesta elevane fekk vera med på. (biletet nede til høgre)





Gåver: Brit-Helen Finstad overrekker gåver til born av leprasyke pasientar på sjukehuset for leprapasientar som Framnes støttar.

Skapar tryggare heimar i India

«Denne skulen er ein heim, og denne heimen er ein skule», er slagordet til skulen vår, og nok eit år har elevar, lærarar, miljøarbeidarar og andre tilsette bidrege til at Framnes har vorte nettopp det – ein heim.

Ikkje berre for internatbuarar, men også heimebuarar har blitt ein del av den store familien. Fleire aktivitetar har vorte arrangert allereie, og eit kvart arrangement er ei mogleg inntektskjelde til misjonsprosjektet på skulen.

Misjonsløp

I år samlar elevane inn pengar til Evangelisten sitt virke i Sør-India, Bengalbukta. Evangelisten bygger og driv barneheimar, skular, internat, spedalskkoloni og sjukehus. I tillegg arbeidar dei blant anna for å fremje god helse og bore etter drikkevatt. Dette er noko vi på Framnes vil vere med å støtte, og bidrar difor på

ulike vis gjennom heile skuleåret. Blant anna gjekk det berømte Misjonsløpet av stabelen 26.oktober.

Målet for heile skuleåret var å samla inn 750.000 kroner. Under misjonsløpet kom det inn 767.209 kr. Målet er nådd, og vi er framleis berre i første del av skuleåret! Vi har høve til å bidra med endå meir – til å hjelpe endå fleire!

Spennande tur

I oktober reiste leiar Brit Helen Finstad, nestleiar Even Kristoffer Mjøs og skuleprest Arne Opsahl Engen til India for å få eit lite innblikk i det humanitære og kristne hjelpearbeidet, og for å møte nokre av dei menneska vi får lov til å hjelpe gjennom prosjektet. Turen gav sterke inntrykk, og ei endå sterkare oppfatning om at dei så sårt treng vår hjelp.

Sterke når vi står saman

Ein kan gjere ein stor jobb åleine, men om vi står saman rår vi over endå fleire

ressursar. På Framnes er vi omtrent 260 elevar. Saman kan vi oppnå store ting. Den viktigaste vi har med på laget vårt er likevel Jesus. Han rådar oss om å vere gode mot vår neste. Gjennom desse første månadane på skulen, har vi saman skapa ein heim på Framnes. No vil vi vere med på å skapa trygge heimar for menneske i India.

– Bli med oss!

«Og kongen skal svare dem: 'Sannelig, jeg sier dere: Det dere gjorde mot én av disse mine minste søsken, har dere gjort mot meg'. (Matt 25,40)

Vil du vere med oss på laget i bøn eller gjennom ei pengestøtte? Du kan overføre ei enkeltgåve til 3530.24.24282.

Gud velsigne deg!



Grunnstein: Even Kristoffer Mjøs og Brit-Helen Finstad ved grunnsteinen for skulen som Framnes skal være med å byggja. (biletet til venstre)
Samlingar: Reiseløpet frå Framnes fekk vera saman med indiske born og vaksne på store samlingar. (biletet til høgre)



Smil: Det er mange born i India. Nokre treng tryggare heimar å bu i, betre helsestell og skulegang.



Kontakt: Det var ikkje vanskeleg å få kontakt med dei indiske borna (biletet til venstre).



Glede: Borna på barneheimen som Framnes støttar gler seg over bamsane som dei fekk av Framnes-elevane (biletet til høgre).



Festkledd: Det var mange jubilantar å sjå. Her ser me 50-årsjubilantane i sin finaste stas.

God oppslutnad om stemnet

Det store høgdepunktet for elevlaget kvart år er elevstemnet i slutten av juni. I år var det så fullt at me trur ikkje me har vore så mange tidlegare!

Dei første kom fredag ettermiddag. Og etter kvart som det kom nye til utover kvelden steig stemninga. Dei forskjellige jubilantkulla fant kvarandre, og gjensynsgleda var stor. På laurdag lunch var matsalen nesten full, og samtalen gikk for fullt.

Etter lunch var det jubilantsamlingar

der kvart kull fekk kvart sitt rom. 50-årsjubilantane er bestandig den største gruppa, og får dermed samlast i den flotte peisestova. I år var dei heile 78 jubilantar! Under elevstemnet er det aldri lenge mellom måltida. Kl. 18 var det duka til festmiddag. Og med 280 gjestar var matsalen heilt sprengfull.

Under jubileumsfesten hadde Valgjerd Svarstad Haugland (40-års-jubilant) festtalen. Og musikalsk innslag ved to elevar: Tuva Vare Vik på hardingfele og Ingrid Standal Sørheim på toradar. Etter kaffipausa var det etter tradisjon sett av tid til at kvart kull skulle presentere

seg og kome med ei lita helsing. Det er bestandig kjekt å høyre eit lite glimt frå kvart kull! Heile festen var fint bunde saman av Per Helleve sin lune humor. Så var det pølse og brød, og bål på Verdens ende til langt ut i dei små timane.

På søndag var det eit fint føremiddagsmøte med tala av Gudmund Furnes (40-års-jubilant) før helga vart avslutta med middag.

Takk for eit flott elevstemne!

Tekst og foto: Jostein Moldsvor



Musikk: To representantar for dagens Framnes-elevar, Tuva Vare Vik på hardingfele og Ingrid Standal Sørheim på toradar, gleda forsamlinga med god musikk.



Festtalar: Valgjerd Svarstad Haugland heldt festtale.



Festleiar: Per Helleve leia festen med stødig hand og lun humor. Her frå festmiddagen.



Mykje folk: Det var godt oppmøte på årets elevstemne.



Mimring: Praten går lett når ein møtest på elevstemne.

Foto: Anne-Marie Solsvik



Elevstemnet 2014

Neste års elevstemne blir 27. – 29. juni. (Stemnet blir så seint sidan Indremisjonssamskipnaden (Framnes sin eigar) feirar sitt 150-års-jubileum 20.-22. juni, då elevstemnet normalt brukar å vere.)

Denne helga ønsker me alle «framnesvener» velkomne til dagar fylt av minne, moro, godt fellesskap, god mat, musikk og bibel.

Det er ei spesiell stemning på Framnes-halvøya desse dagane, gjensynsgleda er stor og praten går høgt overalt på tunet.

Elevlaget oppmodar alle jubilantar om å sette av denne helga, og spreie bodskapen til alle på kullet. Bruk gjerne telefon, e-post, brev, Facebook m.m. til å nå ut til dei kullingane du gjekk saman med, og avtal å møtast på Framnes i juni neste år. Meir informasjon blir lagt ut på www.framnes.vgs.no i løpet av våren. Me vil sende ut ein skriftleg invitasjon til alle jubilantane. Men det er vanskeleg å finne korrekt postadresse til alle. Difor treng me di hjelp for å spreie dette.

Jubilantar 2014

- 5 år – russekull 2009
- 10 år – russekull 2004
- 20 år – 1993/94
- 30 år – 1983/84
- 40 år – 1973/74
- 50 år – 1963/64
- 55 år – 1958/59
- 60 år – 1953/54

Legg merke til at me i år inviterer 55-års-jubilantane. Dette er nytt. Invitasjonen går òg til tilsette på Framnes K.VGS/Framnes fhs. gjennom alle desse åra.

Dersom du har høve til å hjelpe oss med å finne adresse til jubilantane, så ta kontakt med Jostein Moldsvor på 913 79 312, eller inspektor@framnes.vgs.no.

Velkomen til Framnes!

Returadresse:

Ljosglytt
Framnes kristne
vidaregåande skule
5600 Norheimsund



Nye elevar hausten 2013

Klasse IA Studiespesialisering:

Aadland, Trygve; ÅLGÅRD
Andås, Anita Hindenes; MASFJORDNES
Asphaug, Kristin; BLOMSTERDALEN
Birkeli, Ingrid; SØRARNØY
Byrkjeland, Åge; NORHEIMSUND
Eide, Erlend; ÅGOTNES
Esperø, Ingrid; BREMNES
Finne, Sverre; ULVIK
Fløysand, Silje Husebø; ROSSLAND
Fylkesnes, Ingrid Grønås; BREMNES
Haugstvedt, Karoline Froli; TURØY
Haukås, Amalie; OS
Hausberg, Katrine; VESTRE VINNESVÅG
Hetlesæter, Anders; STORD
Kjeilen, Ane Korsøen; AUSTRHEIM
Kjosås, Malena; ØYSTESE
Lunde, Camilla Kolbeinsvik; VESTRE
VINNESVÅG
Lønning, Gunnhild; STORD
Mulen, Marie; YTRE ARNA
Nesbø, Silje Bakke; BREKKE
Nævdal, Anna Lena; MYKING
Opheim, Kristina; KINSARVIK
Rødland, Synne; ØLVE
Samnøy, Ishbel; FEDJE
Sandvoll, Iselin; STRUSSHAMN
Stavland, Helene Sørvik; BREMNES
Sundfjord, Anna; NORDTVEITGREND
Sæle, Eirik; EIDFJORD
Sørheim, Maria; NORHEIMSUND
Tolo, Marte Alvsåker; NORHEIMSUND
Tufteland, Maria; FØRDE
Tønnesen, Sara; NESTTUN
Øvreås, Cecilie Stabell; ØSTEREIDET

Klasse IB Studiespesialisering:

Aasgard, Thomas; SLETTA
Alfarnes, Simon Tveit; JØRPELAND
Backer-Owe, Edith Emilie; ODDA
Berge jr., Hans; ØLVE

Blom, Camilla; RONG
Boge, Vegard; EIDFJORD
Digernes, Reidun; STORD
Eiane, Norunn; BRU
Finstad, Arnt-Kristian; KLEPPE
Fonneland, Eirun Bjotveit;
NORHEIMSUND
Handeland, Sindre; EIKEN
Hansen, Daniel; ØRNES
Hauge, Marie; OMASTRAND
Haugen, Tina Josefin Ilyes; OSLO
Hellem, Daniel; HJELMÅS
Henanger, Sivert; FREKHAUG
Hodne, Joachim; HEGRA



Kjøll, Bendik Julnes; AUKRA
Knutsen, Henny Amalie Vikne; ODDA
Lillevik, Silje Therese Nygård;
MASFJORDNES
Lunde, Serine; ØLENSVÅG
Mangersnes, Anna Karina; HOMMERSÅK
Neteland, Johannes; NORHEIMSUND
Nordal, Lasse; FREKHAUG
Stave, Viktoria; ODDA
Stormark, Julie; FEDJE
Sæle, Bjørnar; HJELMÅS
Sørvik, Silje; STOLMEN
Teigland, Malene Bergtun; OMASTRAND
Tveit, Ingvild; ÅL
Vedå, Daniel; FEVIK

Klasse IC, Idrettsfag:

Aarnes, Thomas; BATNFJORDSØRA
Aarvik, Ingrid; SÆVAREID
Andersen, Sander Haugsbakk; STOREBØ
Aune, Johannes; VERDAL
Eide, Ragnhild Myrliid; EIKELANDSOSEN
Eliassen, Rakel; BEKKJARVIK
Femsteinevik, Henrik; HATLESTRAND
Galtung, Kristin; NORHEIMSUND
Grøteide, Sondre; TORVIKBUKT
Hegelstad, Janne Karine; VIKESÅ
Høysæter, Ole Gunnar;
NORHEIMSUND
Jordet, Tormod; ÅL
Lid, Kristian; NORHEIMSUND
Matre, Lars Rognald Midtgård;
MATREDAL
Nakken, Ingveig; KLEIVE
Norheim, Regine; FREKHAUG
Oma, Finn-Ove Mundheim;
OMASTRAND
Oppebøen, Agnes Backer; OSLO
Opsahl-Engen, Markus; NORHEIMSUND
Paulsen, Erika Eknes; FREKHAUG
Pedersen, Anita Krossøy; AUSTRHEIM
Schjelderup, Øystein Bru; BRYNE
Seievåg, Camilla Glesnes; BEKKJARVIK
Skei, Tone Huse ; ØYSTESE
Slette, Sebastian; TØNSBERG
Sonflå, Therese Bore; KLEPPE
Storaas, Kristi Mo; NORHEIMSUND
Ulltang, Gaute; ØYSTESE
van Greevenbroek, Jente;
NORHEIMSUND
Vassnes, Helene; KOLBEINSVIK
Vigre, Erik; BRYNE
Åmdal, Markus Eikrem; FREKHAUG